

Årsmeldinga til Fjordglimt 4H – 2022

I år har klubben hatt 11 medlemmar som har vore aktive. Dei fleste av medlemmane har vore unge, difor har det vore behov for mykje voksen hjelp. Klubben har også hatt eit medlem som har tatt plaketten.

Me kom litt seint i gong med året, då det var nye rådgjevarar som prøvde å få klubben på beina igjen. Fyrste møte var 22/2-2022. Då hadde me blant anna val av styre.

Etter dette har klubben hatt 8 aktivitetar, inkuldert haustfesten. Då mange av borna i klubben har mange aktivitetar i vekedagane har me prioritert søndagar til klubbaktivitetar. Me har også hatt lengre økter saman desse dagane.

Dette er lista over det me har gjennomført i år:

- Tacokveld
- Gymsalleik
- Slalom
- Gårdsbesøk
- Hatt kiosk på Matre rundt
- Reist til klatreparken “høyt og lavt” i Bergen
- Reist på distriksleir på Toska
- Overnattingstur med klubben

Me er godt nøgd på med det me har fått gjort gjennom året, men satsar på endå fleire medlemmar og aktivitetar det neste året.

Skrivar: Viljar Nyhavn Matre-Grasdal